

VILLREINNEMNDA FOR REINHEIMEN-BREHEIMEN

NVE
nve@nve.no

Vår ref: Sak 30-17 fornya konsesjon Fortun-Grandfaste Dykkar ref:Sak nr: 201702265 Skjåk, 4. desember 2017

30-17 Høyringsuttale til søknad om fornya konsesjon for kraftutbygginga Fortun-Grandfaste

Dei regulerte vasskraftressursane i Fortun-Grandfastavassdraget ligg innanfor både Reinheimen-Breheimen villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde. Dei mindre villreinstammene si overleving på lang sikt er avhengig utveksling mellom stammer. Derfor er det eit mål å oppretthalde utveksling av villrein mellom desse områda, noko som til dømes er poengert i St.meld. nr.21 «*Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*» og nærmere fastsett i «*regional plan for Ottadalsområdet*». Fleire av dei regulerte vasskraftressursane er i områder som er viktige med tanke på utveksling av villrein mellom Vest-Jotunheimen og Breheimen. Avbøtande tiltak for å sikre trekk og utveksling bør derfor ha høg prioritet ved vurdering av søknad om fornya konsesjon.

Konsesjonæren (Hydro) meiner i høve til søknaden, at ein ikkje skal vurdere naturverdiane frå før utbygging, men ta utgangspunkt i dagens situasjon. Dette meiner vi er prinsipielt feil, og ei for mild tolking av målsettinga med kravet om fornying av konsesjon. Fornying av konsesjon kan samanliknast med revisjon av konsesjonsvilkår, i prinsippet er det dei same prosessane som vert gjennomført og same vurderingar som skal gjerast; kva kan ein gjere av tiltak for å minske miljøbelastninga av kraftproduksjonen, og kven av desse tiltaka er det rimeleg å krewe av regulanten som ei motyting av at han får utnytte denne naturressursen?

I dokumentet Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer, utgjeve av OED i 2012 heiter det i samandraget (s.6) (vår understrekning): «*Det fastsettes vanligvis vilkår når det gis konsesjoner for tiltak i vassdrag. Konsesjonsvilkår regulerer først og fremst forholdet mellom konsesjonæren og allmenne interesser.... Hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i tidligere regulerte vassdrag. Dette må avveies mot formålet med konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene, blant annet når det gjelder miljø. Revisjonen skal også gi anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige. Innholdslese vilkår vil bli fjernet, for eksempel spesielle vilkår som knytter seg til selve anleggsperioden. Innenfor bestemte rammer kan revisjonen gi mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene.*» Det vert her synt til skader som har oppstått som følge av reguleringane, det vil seie at dagens tilstand lyt vurderast opp mot tilstanden i området før inngrepet vart utført.

VILLREINNEMNDA FOR REINHEIMEN-BREHEIMEN

I søknaden er det skrive fylgjande om reinsdyr:

7.4 Reinsdyr

Reguleringstiltak som påvirker reinens beiter og trekkveier er magasiner på Sognefjellet og i Breheimen, enkelte mindre bekkeinntak og bekker med overføringsvann og anleggsveier til demninger og kraftanlegg. De fleste tiltak har begrenset virkning på reinens arealbruk i dag, og det er lite grunnlag for å gjennomføre avbøtende tiltak. Som helhet har likevel vassdragsreguleringene påvirket reinen, dels ved at tidligere beiter er satt under vann, ved at tidligere brukte trekkveier er oppdemmet, eller ved at anleggsveier genererer økt ferdsel inn i fjellet med skremsevirkninger på reinen.

Driftsmønsteret er slik at de arealene som ligger innenfor konsesjonsområdet Fortun-Grandfaste kun benyttes vinterstid. I denne perioden er Sognefjellsveien stengt og det er lite menneskelig ferdsel før påske. Reinen kan gjøres og drives ved bruk av snøscooter, noe som letter arbeidet. Dette betyr at den samlede belastninga fra menneskelige forstyrrelser i den perioden tamreinen beiter på Sognefjellet er liten.

Vannkraftanlegg er ikke til direkte hinder for reinen i området. Den største negative virkningen av kraftutbyggingen er anleggsveiene inn til de ulike inntakene og dammene, som åpner for menneskelig ferdsel som kan virke forstyrrende på reinen i sommerhalvåret.

Det er altså ikkje inkludert avbøtande tiltak for villrein i søknaden. I fagrapporten om omsyn til villrein og tamrein er det lista opp forslag til fleire avbøtande tiltak. Desse burde Hydro ha inkludert i deira søknad. Konkret innan vårt område:

- Deponering av massar frå nytt pumpekraftverk Fivlemyrane-Illvatnet (om det blir realisert) slik at ein unngår fysiske barrierar.
- Vurdere å stenge anleggsvegane vidare innover i fjellet frå Nordanstedsæter med bom for å unngå allmenn ferdsel med motorkøyretøy. Vegen innover Middalen er den lengste og truleg den som er viktigast å stenge.

I fagrapporten er effekten av dei avbøtande tiltaka vurdert. Samla **omfang** er vurdert til **middels/lite positivt** og med ein **middels positiv konsekvens**. Sidan mange av tiltaka ligg innan område med stort potensiale for auka arealbruk vil effekten på villrein i området truleg vera større enn det fagrapporten konkluderer med.

I pkt 5.7 i søknaden er det skrive at det er om lag 600 dyr i Breheimen. Dette talet referer truleg berre til den søraustlege delstamma. Om ein inkluderer den sørvestlege delstamma er det omlag 800 dyr.

I pkt 7.4 i søknaden er tamrein og villrein blanda saman under eit felles kapittel. Det fungerer berre delvis og samandraget blir for lite detaljert til å fange opp viktige utfordringar for villrein. Det er registrert trekk sørover frå vinterbeiteområda i Breheimen allereide i slutten av mars. Utfordringar knytt til vinterhalvåret med is på regulerte vassdrag er derfor gjeldande også for villrein i området.

Samverkande effektar av oppdemming, bilveg og turistløypenett i høve til utvekslingskorridor mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen

Dei største samanhengande fysiske barrierane for trekk mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen er Sognefjellsvegen. Den største forstyrrelsene faktoren er fot- og skituristar. Preststeinsvatnet og Øvre Hervavatnet ligg langsetter Sognefjellsvegen, på sørsida av vegen. Tidlegare kunne reinen krysse Hervavatnet. Preststeinsvatnet er ein del utvida, mest på austsida. Reinen har i dag ikkje moglegheit til å trekke på austsida av vatnet, då dei her møter høg menneskeleg ferdsel i merka stignett. Oppdemmingane reduserer tilkomsten til moglege

VILLREINNEMNDA FOR REINHEIMEN-BREHEIMEN

punkt å krysse Sognefjellsvegen. Om vinteren er ikkje vegen nokon barriere og tidleg på vinteren møter reinen få hindringar og få forstyrringar. Seinare på året møter den både skiløparar og sprekkdanning på regulerte vatn. Analyse av rørslene til GPS-merkte dyr syner at rein kryssar regulerte vatn sjeldnare enn tilsvarande uregulerte vatn, særleg ser ein dette på seinvinteren (Panzacchi et.al 2016, Nilsen og Strand 2017 (s. 19)). Dette betyr at reguleringane har ein viss barriereeffekt også om vinteren.

Når det gjeld sprekkdanning i is på regulerte vatn er Preststeinsvatnet det farlegaste. Samstundes er det her konsesjonären, iht fagutgreiinga for villrein, meiner avbøtande tiltak er unrealistisk. Vi finn ikkje problematikken omtalt i konsesjonssøknaden. Villreinnemnda har liten innsikt i behovet for opp og nedtapping, men ber om at moglegheitene for eit tapperegime som minskar sprekkdanning lyt utgreiast grundig og reelt vurderast som avbøtande tiltak. Villreinnemnda meiner at reduserte trekkmogleheter grunna neddemminga av Hervavatnet og Preststeinsvatnet er argument for å bidra til å sikre andre trekk med moglegheiter for kryssing av Sognefjellsvegen, og soleis dynamikken i dyra sitt rørslemønster nord – sør. Positive tiltak kan vere bidrag i informasjonsarbeid og fjerning av trekkhindre som høge brøyttekantar og fjerning av autovern ved Prestestein. Anleggsvegen rett vest for Prestesteinsvatnet bør stengast for kjøretøy.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har i si uttale peika på fleire utfordringar med regulering av vasskraftressursane i deira område og kome med forslag til avbøtande tiltak. Nemnda for Reinheimen-Breheimen støtter denne uttala sidan redusert bruk av trekkruter og beiteareal for villrein i Vest-Jotunheimen vil gi mindre utveksling mellom våre villreinområder.

Johan Berge
Leiar villreinnemnda


Tor Taraldsrud
Sekretær villreinnemnda

Sitert litteratur:

Panzacchi, M., Van Moorter, B., Strand, O., Sarens, M., Kivimäki, I., St. Clair, C. C., Herfindal, I., and Boitani I. 2016. "Searching for the corridor - barrier continuum using Step Selection Functions and Randomized Shortest Paths". Journal of Animal Ecology, 58, issue 1, jan.2016 p. 32-42.

Nilsen, E. B. & Strand, O. 2017. Populasjonsdynamiske utfordringer knyttet til fragmentering av villreinfjellet. - NINA Temahefte 70. 51 s.